

Vedtekter - Fogn Grendalag

1. Visjon og målsetting
2. Medlemskap og kontingent
3. Årsmøte, styre og styreval
4. Oppgåver og organisering av undergrupper
5. Vedtektsendring .
6. Oppløysing av laget

1. **Visjon og målsetting:**

Målsetting:

Fogn grendalag skal arbeide for ei positiv utvikling i forhold til kulturelle aktivitetar, næringsutvikling og auka busetting på Fogn.

Målet er å bidra til auka "bulyst" på øya for dagens innbyggjarar, dei som bur i fritidsbustadar, og potensielle framtidige innbyggjarar på Fogn.

Visjon: 400+

2. **Medlemsskap og kontingent.**

Fogn grendalag er ein organisasjon for personar med postadresse Fogn, eller som har eigedom på Fogn som dei betaler eigedomsskatt for.

Alle medlemmer har stemmerett frå fylte 14 år.

Kontingent kan vedtas på årsmøtet, men det er eit mål at denne er så lav at ingen ser på det som ei hindring for medlemsskap.

3. **Årsmøte**

Fogn grendalag held ordinært årsmøte kvart år i mars månad. Første årsmøte vert i mars 2011. På årsmøtet skal laget handsama saker etter foreininga sine vedtekter, samt innkomne forslag frå medlemmar. Forslag må vera styret i hende seinast 1. februar det aktuelle året.

Årsmøtet handsamar følgjande saker:

1. Val av møteleiar, referent og representant(er) til å godkjenne og underteikne referatet
2. Godkjenning av styret si årsmelding og rekneskap for føregående år
3. Forslag til vedtektsendringar
4. Verksemdsplan og budsjett
5. Informasjon frå eventuelle arbeidsgrupper
6. Andre innkomne forslag
7. Val av styremedlemmar, og styret sin leiar
8. Val av revisor.

Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir halden etter styret si avgjerd, eller etter krav frå minst 4 medlemmer.

Innkallingar og stemmereglar

Styret kallar inn til årsmøte med minst to vekers varsel.

Kvart medlem frå og med fylte 14 år har ein stemme på årsmøtet.

Vedtektsendingar og oppløysing av laget krev 2/3 fleirtal. Andre avgjersler fattast ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap, blir det forslag vedtatt som har fått møteleiaren si stemme.

3.1 Styret.

Foreininga si daglege verksemd blir leia av styret.

Styret sin leiar kallar inn til styremøte med minst tre dagars varsel. Styret blir kalla inn med sakliste. Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av styret sine medlemmar eller eventuelt varamedlemmar er til stades. Varamedlemmar har sjølvstendig møte- og talerett ved styremøta.

Det føres protokoll over vedtak gjort i styret.

Styret består av inntil sju medlemmar som er vald på stiftelsesmøte eller årsmøte.

Det vert vald tre nye medlemmer i år som er partal og fire nye medlemmer i år som er oddetal. I 2011 skal det såleis veljast fire nye medlemmer.

Det kan veljast inntil to varamedlemmar til styret. Desse sitt to år. Slik vert eit varamedlem skifta ut kvart årsmøte.

Styret konstituerer seg sjølv kvart år. Konstitueringa vert kunngjort med oppslag på Fogn Landhandel.

3.2 Valnemnd

«Valnemnda består av tre personar, valt av årsmøtet. Ein person går ut kvart år. Valnemnda skal finna kandidatar til styret, styreleiar, valnemnd og revisor for grendalaget. Valnemnda er ansvarleg for gjennomføringa av dei ulike vala på årsmøtet.»

4. Oppgaver og arbeidsgrupper.

- **Styret skal arbeide i tråd med målsettinga mot visjonen.**
- **Grendalaget skal ikkje erstatta eksisterande interesse organisasjonar, men arbeida saman med desse og vera ei støtte for desse.**
- **Styret skal arrangere møte om dei kjem i var med at det ligg føre forslag, planer og anna som influera på trivsel, næringsutvikling og slik bulyst.**
Det kan sendast høyringsuttale frå slike møte til aktuelle interessepartar.
- **Styret skal ta initiativ til å holde informasjonsmøte på Fogn i høve til aktuelle problemstillingar som kan vera av almen interesse.**
- **Styret skal arbeida for å skapa eit forum for innovasjon og nyskaping innan næringsliv og bustadutviklinga på øya.**
Dette forumet kan ta opp forslag på eiga hand. I tillegg skal dette forumet vera ein plass for drøfting av idear og korleis idear kan bli til røynd.
Det er mål om få på plass eit strukturert samarbeid med Finnøy Næringshage.
- **Styret skal arbeida med å utvikla kulturtilbodet på Fogn.**
I første rekke ved å bidra til å koordinera kulturaktivitetar.
Styret ser til at det kvart semester vert utarbeida ein kulturkalender for Fogn.
Styret kan og ta initiativ til kulturaktivitetar, men ikkje i konkurranse med etablert verksemd
- **Styret peikar ut dei arbeidsgruppene dei sjølv finn fornuftig i høve til visjon og målsetting.**
Det skal informerast om arbeidsområde og kven som er medlemmar i slike grupper på årsmøtet. Interesserte medlemmer kan melda seg til arbeid i slike grupper. Om det vert oppretta grupper i årsmøteperioden
vert det kunngjort ved oppslag og kven som er kontaktperson.

5. Vedtektsendring

Endringar i laget sine vedtekter vedtas av årsmøtet. Vedtak om endringar krev 2/3 fleirtal av dei møtande medlemmene.

6. Oppløysing av laget

Vedtak om oppløysning av laget treffes av medlemmane og krev 2/3 fleirtal av de møtande medlemmane.

Godkjent på Årsmøte 20.04.2015